



Kjell trivst i båthamna, saman med alle dei andre "svanene"! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Innrykket av imponerende farkostar er stort også i dei to båthamnane i Uskedalen i pinsen og mange båtar får beundrande augekast. Likevel spørs det om ikkje ei tam svane har vekt vel så stor oppsikt som

dei andre "svanene".

Ho eller han har skilt seg ut av ein flokk på tre som har vore å sjå nokre dagar i området mellom båthamnane og Eikelandet og blir tammare for kvar dag som går. Allereie for fleire dagar sidan åt ho eller han brød frå hendene til Egil Høgemark i Øyro Marina.

Nokre jenter som har fått god kontakt med fuglen har allereie bestemt seg for namn. Det er Kjell!

- Han ser ut som om han heiter Kjell, er deira enkle forklaring.

Kjell er ellers litt pjuskete i fjørene og kunne ha trong for ein liten kroppsvask. Men han er neppe så tam at han tillet det - enno.